



Vår saksbehandlar  
Bjarne Nes – tlf 57 65 51 49  
E-post: bn@fmsf.no

Vår dato  
28.11.2005  
Dykkar dato  
10.06.2005

Vår referanse  
2005/3065 - 8/461.3 A  
Dykkar referanse

Henrik Rosenlid

6795 Blaksæter

## **Henrik Rosenlid - Utsleppsløyve for mottak og miljøsanering av kasserte kjøretøy på Blaksæter i Stryn kommune, med godkjenning til å skrive ut pantekvittering.**

Vi viser til søknad datert 10.06.2005 og til anna korrespondanse i saka. Fylkesmannen har med heimel i § 11, jf. § 16 og 29 i ureiningslova avgjort å gje løyve til mottak og miljøsanering av kasserte kjøretøy (oppsamlingsplass for bilvrak) på vilkår som går fram av vedlagde løyveskriv.

Fylkesmannen vil i eit eige brev til Tollregion Midt-Norge, Avdeling for vektårsavgift og vrakpant, gje melding om dette vedtaket.

### **Orientering om saka**

Henrik Rosenlid har søkt Fylkesmannen om løyve til mottak og miljøsanering av kasserte kjøretøy på gnr/bnr 173/13 og 18 på Blaksæter i Stryn kommune. I samsvar med "Forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften)", kapittel 36 "Behandling av tillatelser etter forurensningsloven" vart søknaden kunngjort ved annonse i lokalpressa, og den vart lagt ut til offentlig gjennomsyn ved Servicekontoret i Stryn kommune i tida 10.08 – 09.09.2005. Stryn kommune har gitt uttale datert 30.08.2005, jf. omtalen under "Grunngjeving for avgjerda". Elles har det ikkje kome inn merknader eller andre uttalar til søknaden.

Godkjenning etter ureiningslova gir òg rett og plikt til å skrive ut pantekvittering for alle kasserte kjøretøy (person-, vare og kombinertbiler) og beltemotorsyklar som har vore registrert i 1977 eller seinare i samsvar med "Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskriften)", kapittel 4 – Kasserte kjøretøy, punkt IV. Ved ei eventuell utviding av oppsamlingsordninga til å omfatte andre typar kjøretøy/skrap, vil mottaksplikta også omfatte disse.

Frå 01.01.2007 skal bransjen (bilimportørane) overta ansvar for innsamling og gjenvinning av kasserte kjøretøy. I følgje informasjon frå SFT vil statleg vrakpant halde fram i ein overgangsperiode. Det skal framleis bli mogleg å levere vrak til alle med godkjent behandlingsanlegg for kasserte kjøretøy.

## **Grunngjeving for avgjerda**

Den einaste uttalen til søknaden kom frå Stryn kommune v/rådmannen. Kommunen uttaler seg positivt til at det blir sett i gang med mottak for bilvrak i Stryn, og viser m.a. til at det i lengre periodar har vore registrert låge tal for innleverte bilvrak frå Stryn ved det næraste mottaket på Taklo i Eid. Det blir òg vist til at kommunen har gjennomført aksjonar for å få vekk skjemmande bilvrak, noko som kanskje kunne ha vore unngått om ein hadde hatt eit lokalt mottak. I uttalen blir det likevel stilt spørsmål om lokaliseringa er god nok, og at det blir ei utfordring å få frakta bilane til og frå. Det blir òg stilt spørsmål ved om tomte er eigna, då tilgjengeleg areal er lite og forholdsvis bratt. I telefon den 04.10.2005 opplyser ordførar Nils Støyva at saka i etterkant har vore drøfta politisk. Ordføraren uttrykte politisk støtte til etableringa, og ønskjer å tone ned uttalen som gjeld lokaliseringa av anlegget.

Henrik Rosenlid har i brev datert 06.09.2005 kommentert kommunen sin skriftlege uttale. Han skriv at hovudsatsingsområdet ikkje er mottak av eldre ribba vrak, men kjøp av nyare skadebilar frå forsikringselskap. Han viser elles til han i dag driv karosseri-/mekanisk verkstad i tilknytning til det planlagde mottaket, og at det med det er lagt opp til kombinasjonsdrift. Anna lokalisering vil difor vere økonomisk uaktuelt for han.

### Fylkesmannen sine kommentarar:

Tilgangen til mottak for kasserte kjøretøy vil påverke folk sin vilje og evne til levere bilvrak på ein lovleg måte. Slik sett er det ønskjeleg med eit best mogeleg "finmaska" nett av slike mottak. På den andre sida vil det vere nødvendig at dei som etablerer mottak får inn så mykje bilar at drifta kan blir lønsam. Rosenlid skriv at hovudsatsinga vert innkjøp av såkalla forsikringsbilar. For dei som driv delesal som ein del av verksemda vil nok god tilgang av nyare vrak vere ein viktig føresetnad. Det må likevel merkast at den som søkjer om og får løyve til å drive eit ordinært mottak for kasserte kjøretøy, og med det rett til å skrive ut pantekvitte, også vil ha plikt til å ta i mot dei kasserte kjøretøya som kjem inn under panteordninga.

Fylkesmannen ser momenta som Stryn kommune trekkjer fram i sin uttale - at det med tanke på mottak av bilvrak generelt i kommunen kanskje hadde vore ønskeleg med ei meir sentral plassering. Vi har likevel ikkje lagt særleg vekt på lokaliseringalternativet så lenge verksemda ikkje er i strid med kommunen sine arealplanar for området. Det vi har sett mest på er om anlegget og tomte som er tenkt brukt vil vere eigna til føremålet, og om mottaket elles vil kunne drivast i samsvar med gjeldande krav til slike mottak. For å kunne gje eit tilbod til publikum som skal levere kasserte kjøretøy, legg vi likevel til grunn at det blir etablert eit høveleg tilbod om henting av kjøretøya.

I vilkåra for løyvet og i forskrifter som vedkjem denne type verksemd, blir det stilt strenge krav m.a. til korleis anlegget skal byggjast opp, korleis kasserte kjøretøy skal miljøsanerast før pressing, og til lagring og levering av farleg avfall som oppstår i samband med verksemda. Det blir m.a. lagt til grunn at lagring av ikkje sanerte kjøretøy og all miljøsanering skjer inn i verkstadhallen, og på fast dekke der ev. søl kan samlast opp.

### Avsluttande reglar og orienteringar

#### **Sal av kasserte kjøretøy der vrakpant er utbetalt**

Det er ikkje tillate å selje, sende ut på marknaden, eller setje på vegen igjen kasserte kjøretøy som det er utbetalt vrakpant for. Brot kan i tillegg til politimelding få følgjer for utbetaling av driftsstøtte, og det kan føre til at utsleppsløyve blir inndrege.

**Endring eller attendekalling av løyvet**

Med heimel i § 18 i ureiningslova kan fylkesmannen gjere om eller setje nye vilkår i løyvet. Fylkesmannen kan om nødvendig kalle heile løyvet attende. Brot på føresetnadene eller rammene for løyvet, kan føre til revurdering av vilkåra.

**Tilsyn og ansvar**

Fylkesmannen eller den han gir fullmakt, skal til ei kvar tid ha tilgang til alle delar av anlegget, journalar, rekneskap, interne vedtak, m.m. for tilsyn og kontroll, jf. §§ 48 – 50 i ureiningslova.

Den som har fått utsleppsløyve er ansvarleg for at anlegget vert halde vedlike og drive slik at det til ei kvar tid svarar til føremålet og vilkåra for løyvet. Drifts- og vedlikehaldsrutinar skal leggjast opp slik at ein til ei kvar tid har oversyn over anlegget og prosessane sine funksjonar og effektar. Ajourført informasjon skal når som helst, og utan ugrunna opphald kunne oppgjevast til kontrollør.

Sjølv om løyve er gjeve, pliktar den som ureinar å svare erstatning som måtte følgje av ureiningslova og vanlege erstatningsreglar, jf. kap. 8 og § 10 i ureiningslova.

Dette løyvet frittek ikkje søkjaren for å hente inn løyve eller samtykke etter anna lovverk.

**Om internkontroll**

Alle verksemder som sysselset arbeidstakar, er pliktige til å ha ein internkontroll som sikrar at lover og reglar innan helse, miljø og tryggleik vert følgd (jf. § 52 b i ureiningslova og "Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (Internkontrollforskriften)". Dette vil m.a. seie utarbeiding av driftsinstruks som ivaretek verksemda sitt behov for dokumentasjon av korleis prosessen frå mottak til sluttdisponering av kasserte kjøretøy vert gjennomført, og korleis vilkåra i dette løyvet blir etterlevd.

Verksemda er ansvarlig for systematisk å evaluere og ajourføre eigne rutinar med omsyn til mogeleg betring og eller endringar i driftsforhold på anlegget.

**Tvangsmulkt, straff**

Med heimel i § 73 i ureiningslova kan fylkesmannen fastsetje tvangsmulkt til Staten for å sikre at tiltak og vilkår vert gjennomførte i samsvar med løyvet.

For ordens skuld gjer vi merksam på at brot på dette løyvet eller pålegg i tilknytning til løyvet, kan straffast etter ureiningslova, jf. kap. 10, dersom tilhøva ikkje vert råka av strengare strafferammer.

**Meldeplikt**

Den ansvarleg skal melde frå til fylkesmannen dersom det skjer endringar i verksemda si drift som har verknad for vilkåra i løyvet.

Opphøyr/nedlegging av verksemda skal på eit så tidleg tidspunkt som mogeleg meldes til fylkesmannen. Fylkesmannen kan fastsetje nærare krav til opprydning.

**Nedlegging/oppheyr av verksemda**

Den ansvarlige for verksemda skal stille nødvendig sikkerheit for utgifter som følgje av rimelige tiltak for å hindre, avgrense, fjerne eller avbøte ureiningskade ved opphør og stenging av anlegget, jf. §§ 57 og 63 i ureiningslova. Rimelige tiltak vil m.a. omfatte

opprydding av avfall, fjerning av farleg avfall, eventuell klargjering og fjerning av lagra bilvrak m.v., òg eventuelle tiltak som følgje av ureina grunn.

**Om klageretten**

Partane og andre med klagerett etter forvaltningslova kan klage over avgjerda, eller vilkår i løyvet innan 3 veker etter at avgjerda er motteken. Eventuell klage bør grunngjevast og rettast til Statens forurensningstilsyn (SFT). Klagen skal sendast om fylkesmannen som kan ta klagen heilt eller delvis til følgje, eller sende den til SFT til endeleg avgjerd.

Med helsing

Gøsta Hagenlund  
Ass. fylkesmiljøvernsjef

Bjarne Nes  
Senioringeniør

Vedlegg: Løyveskriv

Kopi med vedlegg : Stryn kommune, Tonningsgata 4, 6783 Stryn

Internt: bn



## 0. Ramme for løyvet

Løyvet er avgrensa til å gjelde for mottak og handsaming av inntil 300 vrak pr år. I tillegg kjem inntil 30 tonn anna metallskrap. Det kan lagrast inntil 120 upressa og pressa vrak samtidig på plassen. Talet på vrak må likevel ikkje vere høgare enn det som kan lagrast og handterast på ein trygg og miljøsikker måte.

## 1. Tilrettelegging og drift

- 1.1 Anlegget skal drivast i samsvar med dei retningslinene som til ei kvar tid gjeld for behandlingsanlegg for kasserte kjøretøy, i den grad anna ikkje er fastsett i dette løyvet.
- 1.2 Anlegget skal innrettast og drivast på ein slik måte at vatn eller grunn ikkje blir ureina. Dette føreset m.a. at verksemda til ei kvar tid har oversikt over kva vrak eller delar som inneheld farleg avfall.

I verkstadhallen der det skjer miljøsanering av kjøretøya, lagring av ikkje miljøsanerte bilar og lagring av miljøfarleg avfall m.v., skal det vere tett dekke utan avløp. Andre faste flater med avløp, og der det kan skje avrenning frå kjøretøya, skal vere tilknytt oljeutskiljar m/sandfang. Alternativt kan tett tank nyttast dersom det kan dokumenterast kontroll med vassmengda. Jf. òg punkt 3.2 og 3.3.

- 1.3 Ev. oljeutskiljar og sandfang skal fungere, drivast og haldast vedlike i samsvar med tekniske retningslinjer i "oljeutskiljarforskrifta"<sup>1</sup>, eller i samsvar med andre krav frå kommunen.
- 1.4 Verksemda skal syte for at uvedkommande ikkje har tilgang, og at nærmiljøet er skjerma mot innsyn og støy frå anlegget. Minimum inngjerding er 2 meter høgt gjerde på dei delane av tomta, og solid låsbar port ved innkjørsel.

## 2. Mottak av kasserte kjøretøy

- 2.1 For å sikre god ressursutnytting av kasserte kjøretøy, skal vraka sorterast ved mottak med tanke på mogeleg gjenbruk av delar.
- 2.2 Av omsyn til faren for lekkasjar ved mellomlagring og eventuelt sjølvplukk av delar, skal miljøfarlege væsker og delar/komponentar som inneheld miljøfarlege væsker fjernast frå vraket så raskt som mogeleg etter innlevering, og så langt dette ikkje går ut over salsverdien til delen.

## 3. Lagring av kasserte kjøretøy/delar

- 3.1 Drifta skal leggjast opp slik at det under normale driftstilhøve blir lagra maksimum 120 upressa og pressa vrak samtidig på plassen. Verksemda skal så snart som mogeleg melde frå til Fylkesmannen dersom det oppstår situasjonar som fører til ekstraordinære driftstilhøve.
- 3.2 Lagring og demontering av kasserte kjøretøy/delar skal skje slik at omsynet til helse, miljø og tryggleik blir teke vare på. Lagring av kasserte kjøretøy for ev. "sjølvplukk" av delar skal skje på eige avgrensa område, og slik at aktiviteten på området ikkje fører til ureining.
- 3.3 Område for lagring og demontering m.v. av kasserte kjøretøy skal minst oppfylle krava til fast, ugjennomtrengelig dekke, jf. VEDLEGG 1 til "Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskriften)", kapittel 4 – Kasserte kjøretøy. Dette gjeld minst følgjande område:

---

<sup>1</sup> "Forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften), kapittel 13. Utslipp av oljeholdig avløpsvann og om bruk og merking av vaske- og avfettingsmidler".

- område for lagring av ikkje tømde/miljøsanerte kjøretøy for delesal
- område for miljøsanering og
- område for pressing.

Kjøretøy som er særleg skada, eller som av andre grunnar utgjør ein ureiningsfare må alltid lagrast på område med fast dekke.

#### **4. Miljøsanering**

- 4.1 Miljøsanering av kasserte kjøretøy skal skje minst i samsvar med krava i VEDLEGG 1 til ”Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskriften)”, kapittel 4 – Kasserte kjøretøy.
- 4.2 Oppbevaring og behandling skal utførast på ein slik måte at ein så langt råd unngår skade på komponentar som inneheld væske, eller på komponentar og delar som kan gjenvinnast.
- 4.3 Miljøsanering skal skje på område med fast, ugjennomtrengelig dekke, jf. pkt. 3.3 og 1.2.
- 4.4 Etter tapping av væske skal vraket korttidslagrast på tappeplassen, slik at all væske kan renne av. Før pressing skal bensintanken punkterast.

#### **5. Pressing**

- 5.1 Løyvet føreset at det blir nytta mobil presse for pressing av vraka.
- 5.2 Ev. samanpressing av bilvrak før lagring, i påvente av mobil presse skal skje innafør fastsette støykrav, jf. pkt. 7.

#### **6. Handtering av avfall og farleg avfall**

- 6.1 Verksemda skal til ei kvar tid kunne dokumentere at miljøfarlege væsker og anna farleg avfall blir fjerna frå vraka før pressing, og teke hand om på ein forsvarleg måte.
- 6.2 Handtering av miljøfarlege væsker og anna farleg avfall som følgjer med kasserte kjøretøy eller som oppstår ved verksemda, skal skje i samsvar med ”Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskriften)”, kapittel 11 – Farleg avfall.
- 6.3 Farleg avfall skal leverast til godkjent innsamlar/mottak for farleg avfall. Anna avfall skal takast hand om av det kommunale/interkommunale avfallsmottaket eller anna godkjent mottak. Mottak av batteri eller anna farleg avfall utover dei som følgjer med kjøretøya er ikkje tillate utan særskilt løyve frå fylkesmannen.

#### **7. Tiltak mot støy**

Verksemda er pliktig til å redusere støyen så langt som praktisk mogeleg. Særleg støyande aktivitet skal skjermast ved innbygging, bygging av støyskjermer eller ved anna støydemping. For dette løyvet gjeld retningsliner for begrensing av støy; TA-506, utgitt av Statens forurensningstilsyn (SFT).

## 8. Driftstid

Det er ikkje sett særskilte krav til driftstid i dette løyvet.

## 9. Journalføring

Det skal førast journal, minimum kvar veke, over handtering av mottekne kjøretøy og tilhøyrande handtering av farleg avfall, sjå også pkt. 11 Årsrapport. Driftsjournalen skal takast vare på i minst 5 år, og skal på førespurnad leggjast fram for ureiningsstyresmaktene.

Det skal òg gå fram av journalen når oljeutskiljar eller oppsamlingstank er tømd og korleis dette avfallet er disponert. Kvittering frå avfallsmottakar skal kunne leggjast fram.

## 10. Beredskap og varsling

Den som driv verksemd som kan føre til akutt ureining, skal syte for nødvendig beredskap for å hindre, stanse, fjerne og avgrense verknad av utsleppet. Beredskapen skal byggje på ein systematisk gjennomgang av alle verksemda sine aktivitetar.

Ved akutt ureining eller fare for ureining, skal den ansvarlige straks varsle brannvesenet i kommunen i samsvar med varslingsforskrifta.

Fylkesmannen skal så snart som mogeleg varslast skriftleg dersom det oppstår unormale forhold og uhell innafør dei områda som løyvet omhandlar.

## 11. Årsrapport

Innan 15. februar kvart år skal verksemda sende skriftlig rapport for føregåande driftsår til Fylkesmannen.

Rapporteringa skal m.a. omfatte:

- Tal på mottekne kasserte kjøretøy totalt i året
- Tal miljøsanerte kjøretøy i året
- Tal pressa kjøretøy i året
- Tal lagra kasserte kjøretøy ved årsskiftet
- Levert avfall (avfallstypar og mengder m.v.)

Rapportering skal skje på særskilt skjema, utarbeidd av Fylkesmannen.